

<b>RÅD:</b>	<b>MØTESTAD:</b>	<b>MØTEDATO:</b>	<b>SAK NR.:</b>
GAULAR SOKNERÅD	KYRKJELYDSHUSET	18.09.14.	GSR 22/14 F (KL § 14)

Arkiv nr. : 008

**SAK: LIK OG LIKSKAP NOU 2014: 2.**

---

**SAKSHANDSAMAR:** Magna Lisbeth Lunde

**SAKSDOKUMENT:**

Høringsbrev frå Kulturdepartementet av 22.04.2014 "Høring – NOU 2014: Lik og likskap".

NOU 2014: 2 – høring Lik og likskap. "Om betaling for kremasjon, gravlegging og grav)".

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/hoeringer/hoeringsdok/2014/Horing---NOU-2014-2-Lik-og-likskap/Horingsbrev.html?id=757470>

**SAKSUTGREIING:**

Regjeringa oppnemnde 10. august 2012 eit offentleg utval (gravferdsavgiftsutvalet).

Utvalet skulle greie ut:

- Økonomisk likestilling mellom kremasjon og kistegravlegging.
- Utviding av retten til grav utanfor bustadkommunen.
- Ordning med feste av grav
- Trong for endringar i avgiftssystemet på gravferdssektoren

Utvalet skulle også vurdere trongen for styringsdata og behovet for styrka kunnskap på gravferdsområdet.

I denne utredninga har utvalet vedteke seks prinsipp for gravferdslovgjevinga:

1. Gravlegging er eit offentleg ansvar og skal vere utan kostnad for dei etterlatne.
2. Gravplassane skal vere felles for alle (allmenne).
3. Forvaltninga skal leggje til rette for at gravlegging skjer med respekt for personleg livssyn og i tråd til vedkommande livssynssamfunn.
4. Lovgjevinga skal likestille gravferdsformene og ikkje stimulere til å velje den eine fram for den andre.
5. Eitt menneske får ei grav.
6. Med tida vert grava sletta og gravminne teke bort.

Soknerådet er som høyringsinstans oppmoda om å leggje fram sitt syn på utvalet sine forslag, samt dei økonomiske og administrative konsekvensane av forslaga.

Kyrkjeverja vil gje framlegg på sitt syn på dei fire forslaga samt økonomiske og administrative konsekvensar av framlegga til utvalet.

Kvar punkt har noko informasjon i forkant, dette er markert med svart skrift, deretter kjem kyrkjeverja sitt framlegg markert med raud farge.

Høyringsfristen for NOU 2014: 2 Lik og likskap er 1. oktober 2014.

## **TILRÅDING TIL VEDTAK:**

### **1. ØKONOMISK LIKESTILLING MELLOM KREMASJON OG GRAVFERD.**

Etter gjeldande ordning er ikkje kistegravlegging og kremasjon likestilte.

Økonomisk er dei ikkje likestilt ved at det etter gjeldande regelverk er heimel for å krevje kremasjonsavgift samt ved at dei pårørande dekkjer inntil 20 km av transportkostnadane til krematorium.

Juridisk er ikkje dei to gravferdsformene likestilt ved at gjeldane lov seier at kistegravlegging alltid kan skje, medan kremasjon kan skje med føresetnad av at den døde ikkje ynskjer kistegravlegging.

I Danmark, Sverige og Finland er kremasjon og kistegravlegging likestilte.

Framlegget til utvalet inneber at arbeidet med å formidle båretransport til og frå krematorium vil verte ført over til gravplassforvaltninga i den kommunen der den avlidne var folkeregistert. Det at den som får regninga også skal ha ansvaret er eit godt prinsipp, og er ei stimulering til å finne både effektive og økonomiske løysingar.

#### **Kyrkjeverja sitt framlegg:**

Det vert økonomisk likestilling mellom kistelegging og kremasjon. Dette inneber at dei pårørande vil få den same kostnaden uavhengig av om det er kremasjon eller kistegravlegging som vert vald.

Juridisk bør dei to gravferdsformene vere likestilte. Men dersom dette inneber at alle som ynskjer det kan krevje kistegrav, vil dette ikkje vere mogeleg å gjennomføre i dei mest folkerike områda i landet.

Gravferder bør så langt som mogeleg gjennomførast i samsvar med avdøde sine ynskje.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Dersom ansvaret for båretransport ved kremasjon vert flytta frå NAV til gravplassforvaltninga, og midlane som i dag går til NAV vert ført over til kommunen si råme, skal dette ikkje få negative økonomiske konsekvensar. Men denne endringa krev at ein har god dialog med kommunen slik at soknerådet får kompensert for meirutgiftene til transport og administrasjon.

#### **Administrative konsekvensar:**

Alle dødsfall inneber administrasjon, men det vil truleg vere meir rasjonelt å samle alt på ein stad d.v.s. hjå gravplassforvaltninga. Dei pårørande eller eventuelt dei pårørande sin representant (ofte gravferdsbyråa), vil ved ei eventuell endring berre måtte forhalde seg til ett organ.

### **2. UTVIDING AV RETTEN TIL GRAV UTANFOR BUSTADKOMMUNEN.**

Gjeldande gravferdslov gjev soknerådet heimel til å kunne krevje dekking av kostnadane ved gravferder der den avdøde ikkje var registrert som busett i kommunen. Brukarbetaling for utanbygds gravferd er ei ordning som soknerådet i Gaular har innført.

I Gaular vert det likevel ikkje kravd betaling dersom den avdøde grunna alderdom eller sjukdom var busett i ein annan kommune, eller dersom den avdøde har attlevande foreldre busette i Gaular.



Gjeldande lov inneber også at gravplassforvaltninga har høve til å nekte å gravleggje personar som ikkje er busette i kommunen.

I dei andre Nordiske landa er det stor fridom til å velje kvar ein ynskjer gravlegging. Men både i Danmark og Finland må dei pårørande dekke alt ved ei gravferd, medan det offentlege i Sverige dekker meir av kostnadane enn i Noreg.

#### **Kyrkjeverja sitt framlegg:**

Det vert likestilling mellom innanbygds og utanbygds gravlegging. Gravplassforvaltninga gjer opp seg imellom etter tre satsar:

- A) Utanbygds kistegravlegging.
- B) Utanbygds urnegravlegging.
- C) Kremasjon.

Ovannemnde satsar vert fastsett i forskrift av departementet.

Ovannemnde rett gjeld for personar som er

- folkeregistrerte i landet.

Transport til gravplass i annan kommune vert dei etterlatne sitt ansvar.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

I Gaular har det fram til no vore fleire utanbygds gravferder, enn personar busette i Gaular som vert gravlagde andre stadar i landet. Dersom denne trenden held fram, vil ovannemnde ikkje innebere negative økonomiske konsekvensar for soknerådet.

Derimot kan den ordninga vi har i dag, der det er dei pårørande som dekkjer utgiftene ved utanbygds gravferd, innebere at det har vore færre utanbygds gravferder. Ei endring frå at kvar einskild er økonomisk ansvarleg for utgiftene til at dette vert det offentlege sitt ansvar vil truleg innebere auka bruk av utanbygds gravferder.

#### **Administrative konsekvensar:**

Dersom ikkje ovannemnde endring vil innebere ein stor auke på utanbygds gravferder vil dette få lite eller ingen administrative konsekvensar.

### **3. ORDNING MED FESTE AV GRAV.**

Gjeldande føreskrift fungerer på den måten at når det vert teke i bruk ei grav ved eit dødsfall, er denne grava gratis i 20 år. Dersom det samstundes vert reservert grav ved sida av, vil ein måtte betale for denne grava frå første dag. Det inneber at når denne grava vert nytta vil ein for den reserverte grava ikkje få dei 20 første åra gratis. Gratis grav eller fri grav er det heller ikkje med dagens reglar ved gjenbruk av graver (festa grav).

Gjeldane ordning med at ikkje "alle får" gratis grav i 20 år er noko som mange pårørande ofte ikkje forstår, og administrasjonen har ofte spørsmål knytt til dette.

#### **Kyrkjeverja sitt framlegg:**

Det vert 20 års gratis gravleige uavhengig av kva type grav som vert vald, under føresetnad av at kommunen sitt økonomiske tap vert dekkja ved auka rammeoverføring.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Dersom kommunen får kompensert for redusert gravleige med auka rammeoverføring frå staten, og gravplassforvaltninga får tilsvarende auke av sine overføringar frå kommunen skal ovannemnde ikkje innebere noko økonomisk tap i høve til gjeldande ordning.

#### **Administrative konsekvensar:**

Administrativt vil denne endringa ikkje få konsekvensar.

Utvalet føreslår at oppgåvene som bispedømmerådet har etter gravferdslova og føreskriftene til gravferdslova vert ført over til Fylkesmennene.

**Kyrkjeverja sitt framlegg:**

Oppgåvene som bispedømmerådet har etter gravferdslova og føreskriftene til gravferdslova vert ført over til departementsnivå. Dette for at ein skal få eit organ som har høg kompetanse på dei arbeidsoppgåvene som skal handsamast.

Forslag som utvalet har vurdert, men som er på sida av mandatet:

Utvalet føreslår at vilkåra for spreing av oske skal verte meir direkte i gravferdslova, og at handsaminga av søknadane om spreing av oske skal avgjerast av den lokale gravferdsforvalninga, og at Fylkesmannen vert klageinstans.

**Kyrkjeverja sitt framlegg:**

Ein er samd med ovannemnde framlegg. (Eventuelt inntil fylkeskommunen går ut som forvaltningsnivå).

Utvalet foreslår også at det vert tillate med å spreie oske på gravplassane, og at det gis løyve til gravlegging i kolumbarium på gravplass.


**Kyrkjeverja sitt framlegg:**

Det vert høve til gravlegging i kolumbarium. Det vert **ikkje** gjeve høve til spreing av oske på gravplassane, berre i friareal.

**GAULAR SOKNERÅD SITT VEDTAK:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent.

Rett utskrift:  
Sande: 18.09.14.

  
Magna Lisbeth Lunde  
Kyrkjeverje

Kopi:  
Kulturdepartementet ved kirkeavdelingen.